

## • Klimarapport

**Grasmark kan lagre karbon tre til fire gonger meir effektivt enn skog. Effekten bør med i klimarekneskapen, meiner AgriAnalyse.**

# Kan binde ein tredel av husdyrutsleppa

Beiting på 10 prosent av utmarksbeitet kan binde ein tredel av dei årlege klimautsleppa frå husdyr, ifølgje rapporten «», som blei lagt fram av AgriAnalyse torsdag. Der blir beiting trekt fram som eit godt, men lite verdset klimatilskott.

I klimarekneskapen til jordbruket er det berre utsleppa frå husdyra som blir registrert og ikkje effekten av at karbon blir bunde i jorda ved grasvekst og beiting. Forfattar for rapporten, Margaret Eide Hillestad, tar til orde for at den bindingseffekten også må registrerast.

– Karbonlagringa i jorda ved beiting må også med i klimarekneskapen. Viss vi skal få reelle tal, så må vi ta med inntektsida og, og ikkje berre kostnadssida. Det er viktig å sjå det i samanheng, seier Eide Hillestad til Nationen.

### Lagrar meir enn skog

I rapporten går det fram at 95 prosent av areala her i landet blir rekna som utmark og tidlegare er det anslått at 45 prosent av arealet i Norge er eigna som utmarksbeite.

I 2016 rekna Budsjettneimnda for jordbruket at det er mogleg å hauste 950 millionar føreiningar frå utmarka, medan det totale før-opptaket på utmark blei rekna til rundt ein tredel, 325 millionar føreiningar.

Studiar viser at moderat beiting bidreg til auka karbonlagring i jord. I rapporten blir det blant anna trekt fram at ein studie av europeisk grasmark viser at grasmark lagrar karbon tre

til fire gonger meir effektivt enn skog.

I rapporten blir det vist til at ulike studiar viser ulik lagringseffekt. Ein studie av grasmark i 28 land i Europa viser ei karbonlagring som i gjennomsnitt er på 550 kilo CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per hektar per år medan tal for lagring av karbon i naturbeitemark i Sverige viser 220 kilo CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år.

### Tar ein tredel av utsleppa

For å illustrere kva effekt karbonlagringa har i praksis har Eide Hillestad sett opp eit reknestykke. Ho har rekna på karbonlagringspotensialet for 10 prosent av Norges utmarksbeiteareal, den delen som har det beste beitet, eit areal på rundt 30 millionar dekar.

Ved bruk av det rapporten omtalar som eit forsiktig anslag frå den nedre grensa i «usikkerheit-sintervallet» i den europeiske studien, 290 kilo CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per hektar per år, gir det ei potensiell karbonlagring på 0,9 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år.

Ved bruk av det svenske anslaget er den potensielle karbonlagringa i beitemarka på 0,7 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år.

«Det tilsvarende om lag en tredjedel av de årlige utslippene fra husdyr», står det i rapporten. Utsleppa frå norske beitedyr er på rundt 2,3 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år ifølgje Miljødirektoratet.

– 10 prosent av det beste utmarksbeitet bind opp ein tredel av utsleppa frå husdyra. Dette er ikkje eit svar med to strekar

under, men det illustrerer noko av karbonlagringa som ikkje blir tatt med i karbonrekneskapen, seier Eide Hillestad.

Ifølgje Eide Hillestad er karbonlagringa ein kontinuerleg prosess som går føre seg år etter år.

– Betyr det at utsleppa frå jordbruket i realiteten er langt mindre enn offisielle tal viser?

– Ja. Kor mykje mindre er det vanskeleg å seie, men at det er mindre meiner vi det er grunnlag for å seie. Forsking frå Europa og Sverige viser det, seier ho.

### – Vinn-vinn-situasjon

Eide Hillestad seier fleire faktorar drar i retning av at det er viktig å halde oppe og stimulere til meir beiting i utmark.

– Det er ein vinn-vinn-situasjon. Beiting spelar ei viktig rolle for å halde oppe det biologiske mangfaldet, det bidreg til meir matproduksjon og til lagring av karbon i jorda, seier ho.

– Kva viss beita i staden grov igjen?

– Då blir det mindre karbonlagring. Det er mindre karbon i gras enn i tre, men graset lagrar meir karbon i jorda. Samla sett meiner vi at gras gir meir karbonbinding. Om dyra skal forstå inne i staden, så vil det òg trenge meir hausta fôr som gjer at utsleppa aukar, seier Eide Hillestad.

I rapporten er det òg rekna på kva følgjer det vil få om det blir slutt på beitinga. Jordbruket vil då trenge 325 millionar føreiningar meir frå hausta gras, ifølgje rapporten, noko som blir anslått å generere rundt 0,2 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar meir i utslepp per år.

«Uten bruk av utmarksbeite ville Norge dermed måtte rapportere om lag 10 prosent mer utslipp av klimagasser fra husdyra», heiter det i rapporten.

Rapporten er finansiert av forskingspengar over jordbruksavtalen og er bestilt av partane i jordbruksoppgjøret.



### – Vinn-vinn-situasjon

«Beiting spelar ei viktig rolle for å halde oppe det biologiske mangfaldet, det bidreg til meir matproduksjon og til lagring av karbon i jorda.»

Margaret Eide Hillestad, prosjektleder i AgriAnalyse

Bjarne Bekkeheien Aase  
bjarne.aase@nationen.no

### Fakta

#### Beiting, gras og karbon

- Rapporten «Beitemarka – et ukjent karbonlager» frå AgriAnalyse går igjennom studiar av karbonlagring i grasjord og beitemark.
- Nokre studiar viser ei karbonbinding på mellom 220 og 550 kg CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per hektar per år.
- Om lagringseffekten er på 290 kg CO<sub>2</sub> per hektar, så lagrar 10 % av utmarksbeitearealet her i landet 0,9 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år. Det er 39 % av dei årlege utsleppa frå husdyr her i lan-

det. Er lagringseffekten på 220 kg CO<sub>2</sub> per hektar, så tilsvarende det 30 % av dei årlege utsleppa frå husdyra.

- Rundt 45 % av arealet her i landet er eigna som utmarksbeite. I dag er fôr-opptaket på beite rekna å vere på rundt ein tredel av potensialet.
- Globalt sett inneheld jord to til tre gonger meir karbon enn atmosfæren. Det er lagra meir karbon i matjorda åleine enn i atmosfæren og vegetasjonen samla.

**Beiteeffekt:** Store delar av utsleppa av klimagassar frå husdyr blir bunde op





op i beitemark, viser rapport, men lagringseffekten blir ikke tatt med i klimarekneskapen.

Foto: Benjamin Hernes Vogl



**Foods AS:** Her skjærer og foredler selskapet Foods AS hvitt kjøtt i produksjonslokaler på Krokstadelva utenfor Drammen.  
Foto: Nationen

## Ber om to uker varetektsfengsling

### KORRUPSJONSSAKEN

**Økokrim begjærer to ukers varetektsfengsling for den Nortura-ansatte og en annen ansatt i kjøttbransjen på grunn av fare for bevisforspillelse.**

Den Nortura-ansatte og Per Yngvar Mathisen i kjøttforedlingselskapet Foods AS må møte i fengslingsmøte i Oslo tingrett i ettermiddag.

Torsdag ble begge siktet for grov korrupsjon.

Økokrim mistenker at den Nortura-ansatte har mottatt bestillinger av Mathisen, i sin jobb som selger av råvarer til industrimarkedet.

Økokrim gikk til aksjon flere steder i går, blant annet i produksjonslokalene til Foods AS på Krokstadelva utenfor Drammen.

De to er siktet for paragraf 388, grov korrupsjon som kan straffes med fengsel inntil ti år (se fakta).

### Høyt prioritert i Økokrim

Førstestatsadvokat i Økokrim Esben Kyhring sa til Nationen torsdag at det er en rekke vitner i saken, at ransaking foregår flere steder og at saken er høyt prioritert.

De to siktete satt i mange timer i avhør torsdag, og det var planlagt at avhørene skulle fortsette fredag.

Mathisens forsvarsadvokat Ola Lunde ønsket ikke å gi noen kommentarer til Nationen før fengslingsmøtet fredag.

Til NTB opplyser Lunde at Mathisen nekter straffskyld etter siktelsen og vil motsette seg politiets krav om varetekt.

Nationen har ikke lyktes i å komme i kontakt med den Nortura-ansattes forsvarer Marius Dietrichson.

### Tidligere straffedømt

Som Nationen skrev i går har Mathisen en fortid som kjøttvandler på slutten av 1990-tallet. Mathisen ble i 2001 dømt til fem års fengsel og til å betale en erstatning på 73 millioner for en rekke lovbrudd, deriblant smugling av rundt

### Fakta

#### Grov korrupsjon

- Lovens paragraf 388 om grov korrupsjon har en strafferamme på 10 år.
- Ved avgjørelsen av om korrupsjonen er grov skal det særlig legges vekt på om handlingen er forøvd av eller overfor en offentlig tjenestemann eller noen annen ved brudd på den særlige tillit som følger med hans stilling, verv eller oppdrag, om den har eller kunne ha hatt til følge betydelig økonomisk fordel, om det forelå risiko for betydelig skade av økonomisk eller annen art, og om det er registrert uriktige regnskapsopplysninger, utarbeidet uriktig regnskapsdokumentasjon eller uriktig årsregnskap.

KILDE: LOVDATA

**500 tonn hvitt kjøtt inn til Norge.**

Etter at Mathisen slapp ut av fengsel i 2006 har på nytt bygget seg opp i norsk kjøttbransje, gjennom selskaper som er startet i konas navn.

Kjøttforedlingselskapet Foods AS har økt omsetningen år for år, og hadde i 2017 en omsetning på over 111 millioner kroner.

Nationen skrev også om Mathisen og selskapet Foods AS i 2013, i forbindelse med at Mathisen ba om en gjeldsordning. Den ville innebære at en gjeld som da hadde vokst til ca. 110 millioner kroner ville bli redusert til én million, med en nedbetalingstid på fem år.

Drammen tingrett ga Mathisen medhold, men da saken ble anket til Borgarting lagmannsrett, led Mathisen nederlag. Retten kom til at gjeldsordningen ville virke støtende på allmennheten.

Nationen gikk i trykken før fengslingsmøtene var over.

**Benjamin Hernes Vogl**

benjamin.vogl@nationen.no

**Christiane Jordheim Larsen**

christiane.larsen@nationen.no

**Nationen.no**

Følg saken på [nationen.no](http://nationen.no)